



Vandring i sætertraktene

JON LEIRFALL

Mellom dalføra i Trøndelag ligg det store vidder i relativ låg høgd over havet, delvis under korngrensa. Det er skog på fastmark og grasmyrer det meste, og store områder som kan dyrkas opp og gi rom for store moderne gardsbruk, eller nyttas til høyavl eller kulturbete av gardar nede i bygdene. I si tid vil sikkert også mye av disse viddene bli dyrka opp.

Det gamle namnet på desse områda var «*marka*» til skilnad frå «*fjellet*» som låg i tregrensa eller ovanfor denne.

Her låg de fleste sætrane. No er de gått ut av bruk og markerer seg berre som små grønne flekker der ungskogen et seg innover vollen. Andre — de som har vore lengst tid ute av bruk — er heilt attvoksne med storskog. De kan være vanskelege å finne, men markerer seg ofte ved at skogen har ein annan karakter fordi den er vokse opp på gammal kulturjord.

I Stjørdalen har bygdefolket sett igang oppmerking av de nedlagte sætervollane med metallskilt slik at folk som går i marka kan finne dem att. Men statens skogvesen driv på si side med å plante dem att.

— Vi skulle vel ha råd til å la desse små grønne flekkene ligge som minne om gammelt arbeidsliv?

I de fleste bygdene er det sagn og tradisjon om at ein gong var det gardar og grender inne på marka. Men så kom Svartedauen og la alt øde. I Stjørdalen fortel de at siste juledagen kom det sju hestar ut gjennom Rådalen frå Bruaåsalmenningen på veg til Skjølstadkjerka. Og opp Langtuggubakken nord i Skjølstadmarka kom det tretten hestar frå gardar mellom Åsen og Hegra. Frå Roltdalen og Børtdalen i Selbu er det og sagn om gammel busetting, og likeeins blir det fortalt om busetting frå Frol og Skogn sørover til grensa til Hegra.

< De har tatt vinterdrakten på ...

(Leif Knutseth)

Det skal og med ha vore kyrkjer i desse markagrendene. Folk har snakka om «Bruåskjerkja» i Hegra. Og så skal det ha vore ei kjerke nord for Langstein, vest for Eldstaden. Børdalskjerkja i Selbu er vel sikrare dokumentert. Elles er det fleire sagn som berre skriv seg frå eit namn — «Kjerkhaugan» på Leksdal almenning t.d..

— Det var *store* gardar derinne på markom, seier sagna. Hestane frå Moslinan nord for Hovatnet på grensa mellom Åsen og Hegra skulle vere de finaste av alle ved kjerka. Og eit sagn frå ei anna bygd fortel at frå ein markagard kjørte de med fire hestar til føre julsmartnaden i Trondheim.

I de fleste sagn av denne typen er det ei kjerne av sannheit sjøl om sagnet dramatiserer og forstørrer og forvanskar. Det har vore gardar og fast busetting mange stader i sætertraktene. Etter måten er det heller ingen ting i vegen for at det kan ha vore *store* gardar, dersom ein måler det etter kor mye krøtter de hadde. Det var utslåttene som ga vinterforet for flatbygggardane og. Og det var lettare å samle vintrfor for markagardane som hadde slåttemyrene omkring seg. At de låg langt frå kvarandre var ein fordel, derved fekk kvar gard eit stort område de kunne nytte ut til slått og jakt og fiske. Og omgrepet «avsides» hadde ikkje noe å seie, — folk hadde ikkje ærend hverken til handelsmann, doktor eller kommunale kontorer.

Når sagna seier at desse markagardane *brått* vart lagt øde fordi alt folket døde ut under Svartedauen, så kan vi ikkje godta det. Det er vel heller truleg at det levde over fleire der enn i sentrumsgrendene der smittefaren var større fordi det var meir samkvem mellom folk. Men Svartedauen sammen med andre faktorar — klimaforverring i slutten av mellomalderen og fleire drepsotter — førte til ein voldsom nedgang i folketalet. Mange sentrale gardar vart liggande øde i tidsperioda 1300—1500. Og så vart det sett igang ein prosess som førte til folkeflytting frå utkant- og markagardane gjennom eit par hundre år. Men sagnet har dramatisert det til noe som hendte brått.

Skriftlege kjelder om denne gamle busettinga før Svartedauen har vi lite og ingen ting av. Det er ei dokumentfattig tid. Skal vi finne de gamle gardane frå vikingtid og mellomalder i setertraktene må vi leite i landskapet.

Gravhaugar på ein setervoll eller i skogen kan vi finne fleire stader, og det må vi rekne som eit ganske sikkert vitnemål om at her

har det vore ein oldtidsgard. Men *åkerreiner* er vel enda sikrere. Når jorda er blitt arbeidd til åker gjennom lengere tid og landskapet hal-ler noe vil matjorda etter kvart bli ført nedover, og her blir det da ein mæl med eit tjukt matjordlag. Desse reinene er som regel lette å sjå og de kan vere over meteren høge, alt etter kor lang tid jorda er blitt brukt. På fleire setervollar, og også i ville skogen der det ikkje er spor etter oppdyrkning, har eg funne slike åkerreiner.

Dyrkingsrøyser kan også sette oss på sporet etter gamle gardar. Og er garden rydda i kristen mellomalder kan ein naturlegvis ikkje vente å finne gravhaugar. Men finn ein større dyrkingsrøyser i nedkant av setervollen så må ein i mange tilfelle kunne rekne med at her har det vore åker ein gong, dermed gard.

Vi har lokalisert fleire slike gardar og grender fra vikingtid og mellomalder i markastrøka sør og nord for Stjørdalen. Fleire vil nok finnas dersom det blir systematisk granska, og vi vil kunne få nye bitar i det puslespelet som kan gi oss biletet av bygd og busetting i gammel tid.

Da folketalet tok til å auke frå 1500 og utover vart fleire av desse gardane tatt opp og busett igjen. Men i den nye ødegardstida omkring 1700 gjekk de fleste av dem over til sætrer igjen, eller vart drive som underbruk av gardar nede i bygda.

Eit bilete på utviklinga gjennom tidene i ei slik oldtidsgrend har vi mellom Elvran i Lånke og Sondalen i Hegra. Her er det fire bruk på privat grunn som i lang tid vart nytta som sætrer av gardar nede i bygda. No er det fleire store og gode bureisinsbruk her kor det for femti år sidan var berre skog og veglaust til bygds. Ei mengd av gravhaugar — de eldste frå omlag år 200 — viser at det har vore drive gardsbruk her like tidleg som nede i bygda. De rike gravfunna fortel at det må ha vore velstandsfolk som har budd her, og talet på gravhaugar og de store områda de er spredt over, seier oss at det må ha vore ei stor grend her inne i skogen. I ei åkerrein er det funne kol som er datert til omkring år 600 og frå samme tid er også store slagg-haugar som viser at det har vore drive myrmalmsmelting i stor stil. Kanskje er det inntekter ved sal av jarn som har skaffa det rike gravgodset? Så vart gardane lagt øde i mellomalderen, men busett igjen frå 1550 og utetter. Og i 1657 er det 3 hestar og 20 kyr på ein av dem - det viser at det er noe i tradisjonen om at det var store gardar i



Åkerrein langt inne i skogen nord for Elvran-grenda i Lånke. Her er det tydelige merker etter gammel dyrking og flere garder fra middelalderen.
(Farbregd)

marka. Men omkring 1700 kom ei ny nedgangstid, gardane vart nedlagt og nytta som sætrar til somme av dem omkring 1920 vart tatt opp som bureisingsbruk.

Dyrkingsgrensene har gått og fram gjennom tidene og vil nok gjere det i framtida og.

Eg liker så godt å rusle rundt i desse setertraktene. Vel det var tri-velegare før da det var jenter på alle setervollane, da ein hørte bjeller i kvar ei li og røyken steig opp fra seterskjula. — Det er noe som kaller fram vemodet, men *det* er og noe verdifullt som ein kan ta med seg heim.

— Overall i skog og mark er det minne og merke etter gammelt arbeidsliv og folk som har gått her før. «Det er far i skogen etter mine feder» for å sitere Ragnvald Vaage. — Ting som kan sette tankane i

sving, som du kan fundere over. Kva for noe kan det vere, kor langt tilbake i tida går det, kva formål tente det? — Tomter etter kolmiler, slagghauger etter jarnbrenning, «tjurrudaler» etter tjørebrenning. — Eit krypinn under ein heller der fiskarer og folk på jakt kunne finne nattely. — På ein stad med utstyn over bygda ei bjønnegrav - her likte bjønnen å ligge og sleike seg om kjeften når han såg krøttera beite mellom gardane. No er bjønnen komme tilbake til trøndermarkom, kanskje er du så heldig du får sjå han dersom du går åleine og ferdes stilt. — Eit kjellarhol fortel om de harde åra i midten av førra hundreåret da folk søkte inn på marka for å rydde seg ein heim, men måtte gi opp og prøve å komme seg til Amerika. — Ei sti, ein gammel seterveg.

No er det lett å komme seg inn på marka etter de nye skogsbilvegane. Eg kan ikkje forstå at det skal vere noe å protestere mot av «naturvernens syn». De har åpna verdifulle naturområde for folk flest, gjort det muleg å ta seg ein søndagstur inn i setertraktene både for byfolk og for bygdefolk mellom fjøstidene.

— *Det gjenspeiler seg et stort problem i vår såkalte sivilisasjon. Mennesket, i all sin vidunderlighet, er ikke skapt til å leve under slike unaturlige forhold som vi selv har skapt. Asphalt og betong, arbeidsplasser og redskaper, tempo og mas, dårlig lys og luft, bråk og spektakkel samt alle de andre velsignelser som myldrer omkring oss vil i større eller mindre grad ta knekken på oss.*

For å tjene til det daglige brød er de fleste av oss nødt til å la alle disse sivilisasjonens velsignelser herje med oss som de vil. For å redusere skadenvirkningene griper vi til flere eller færre hjelpeemidler. Men hvor mange er det som er så smarte at de stikker bort fra hele sivilisasjonen en gang i blant — og lar kropp og sjel koble av og styrkes i fri, frisk aktivitet? Etter en slik avstikker ut i Guds frie natur vender vi tilbake befridd for spenningene vi hadde, med ny mykhet i tankeliv og bevegelser, bedre rustet til å stå imot hverdagen.

Audun Boysen i Adresseavisen, 1959